



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



**14. AUGUST STARTAR SKULEN OPP ATT.
ME ØNSKJER ALLE ELLEVER OG LÆRARAR EIT GODT NYTT SKULEÅR!**



BUA-SOMMAR I BYGLAND OG FRILUFTSLIVETS ÅR

LES MEIR - S. 5 <<<

Du må stå i manntalet for å røyste ved valet 8. september. I Bygland kommune er manntalet lagt ut til offentlig ettersyn på kommunehuset.

SAL AV LANDESKOGEN I GRENDI

MERKETIDER AUGUST 2025:

- Oppvekstsentera i Bygland: Skulestart 14.08. kl. 09.00
- Bygland folkebibliotek opnar opp att 11.08.

>>> LES MEIR - S. 8

5 flinke ungdomar i BUA Bygland skapte sommarglede til barna i heile 3 veker. Også Midt-Agder friluftsråd til

VAL 2025: STÅR DU I MANNTALET

>>> LES MEIR - S. 6

Landeskogen i Grendi står klart for ein ny æra – og Bygland kommune ser etter interessenter som har vilje til å skape noko unikt!



ORDFØRAREN SI SIDE

HELING FRÅ ORDFØRAREN

ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM**Kjære alle saman!**

Sommaren er på hell, og for mange er ferien over. Juli har vore fin i Bygland med mange varme sommardøgn. Det var ein suksess med tilbodet til born gjennom Bua og Frivilligsentralen, med gratis aktivitetar i tre veker både på Bygland og Byglandsfjord. Dei var på små skogsturar, i fjorden, laga mat saman og hadde kreative verkstader og mykje anna. Slike ting bidreg til at mange av borna våre får gode og inkluderande fellesopplevinger frå sommarferien.

Ein treng slett ikkje reise langt av stad for dei gode opplevingane.

Det har vore Blueslaurdag, Matmarknad, Countryfestival, Triatlon, Gamaveka og andre arrangement som set Bygland på kartet! Vi har mange frivillige eldsjelar som skapar liv og glede hjå oss! For det er eg svært takksam! Det blir lagt ned uendelege timar og ressursar som verkeleg gjer Bygland til ein god stad å vere, også om sommaren, både for oss og for dei på besøk. Eg kjenner meg heldig som bur i Bygland, ein fredeleg stad i ei uroleg verd!

Det blir ein spanande haust for politikarane.

1.august byrjar Simon Ellingsberg som kommunedirektør, det blir bra. Det skjer mykje i Bygg Bygland, mange idear skal realiserast og settast ut i livet. Det blir spanande å sjå kva som kan skje på Landeskogen. Vi skal konkretisere Rv 9 som nasjonal turistveg, vi skal konkretisere satsinga på Bygland som Vikingtidstad, vi har ei stor sak om interkommunale samarbeid, vi skal inn i ein budsjettprosess der vi ser at vi må kutte i kostnader, samstundes som vi må sikre gode tenester for dei som treng det mest. Vi skal jobbe mykje i haust med å bli ein næringsaktiv kommune!

Så er det jo val, det er også spanande. Bruk røysteretten!

Til slutt ynskjer eg dykk alle ein god august, måtte de alle lade batteria før hausten kjem!

Mvh Runar Granheim, ordførar i Bygland

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 72

- **Ansvarleg redaktør:** Aslak Jørundland Brekke - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt
- **Bilete:** Framside: Bygland museum/Bygland kommune; Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, S. Hegenscheidt, Olav Grendstad; Kva skjer: Båtsliv ved Bjoren Brygge
- **Arkiv:** bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt september 2025: 02.09.2025, skrivefrist 28.08.

Send tipps til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt



OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bbliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025
OPPSTART ETTER FERIE: MÅNDAG 11.08.

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- mandagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30



BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD

- mandagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30





POLITISKE MØTE - AUGUST 2025



SOMMARPAUSE FOR DEI FLESTE UTVAL FRAM TIL 8. SEPTEMBER

- Rådet for eldre og funksjonsnedsettingar: 15.08. kl. 15.00

RÅDET FOR ELDERE OG FUNKSJONSHEMMA



TRAFIKKSIKKERHEIT: KURS 65+

Dersom det er nok interesse for å få et oppfriskningskurs som trafikant vil det bli arrangert et kurs 65+, i regi av Statens Vegvesen, dersom det er mange nok deltakere. (MINIMUM 20 DELTAKERE)

Tid: Onsdag 03.09 og Torsdag 04.09 kl. 11.00-15.00

Sted: Bygdestova Longerak, Longraksvegen 24.

Påmelding til: Tlf: 95868260. SMS: 95868260. E-post: pebe2@online.no

Påmeldingsfrist: 7. august

Program:

1. Dag, Typiske utfordringer knyttet til det å være eldre bilfører, gjennomgang av og fornying av førerkort. Vurderingsprøve som kan være aktuelt derom fastlege er usikker om helsen tilfredsstillende kravene.
2. Dag, Styrt av ønsker fra deltakerene, tema som er aktuelle i dagens trafikkbilde. Vikeplikt, rundkjøring, veioppmerking, lyskryss, lysbruk, forbikjøring, motorvei o.s.v. - Enkel servering. KURSET ER GRATIS.

TIME PÅ SETESDAL TRAFIKKSTASJON, BJORÅVEGEN 3, 4735 EVJE

Viktig å vite: Du må bestille time når du skal på ein trafikkstasjon. Du kan ikkje møta opp utan avtale.

Du kan bestille, endre og avbestille ein time i timebestillingstenesta:

www.vegvesen.no/om-oss/kontakt-oss/trafikkstasjoner/setesdal/

Skal du endra eller avbestilla, må du oppgi eit referansenummer.

Referansenummeret fekk du då du bestilte timen.



STORTINGSVAL 2025

Val 2025 - Står du i manntalet?

Du må stå i manntalet for å røyste ved valet 8. september. Manntalet er no lagt ut til offentlig ettersyn fram til valdagen 8. september.

I Bygland kommune er manntalet lagt ut til offentlig ettersyn på desse stadane: Kommunehuset, Sentrum 18,4745 Bygland



Kva er manntalet?

Manntalet er en oversikt over alle som har røysterett i ein kommune. Du vert registrert automatisk i manntalet i den kommunen du er folkeregistrert som busett 30. juni 2025. Dersom du flyttar etter 30. juni, har du røysterett i kommunen du flyttar frå. Du kan uansett førehandsrøyste i alle kommunane i Norge, men på valdagen må du røyste i den kommunen du er manntalsført.

Dersom du meiner at du sjølv, eller nokon andre, urettmessig er ført opp eller utelat fra manntalet, kan du krevje at valstyret retter opp feilen. Kravet skal være skriftleg og grunngjeven. Adresse: Valstyret i Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland.

Sametingets manntal

Manntalet for sametingsvalet vert lagt ut til offentlig ettersyn på kommunehuset. Spørsmål om dette manntalet må rettes til Sametinget på telefon 78 47 40 00 eller e-post samediggi@samediggi.no.

KOMMUNALT SAMARBEID

TURISTINFORMASJON I BYGLAND OG STOGA KAFÉ

PRESTENESET 10, 4745 BYGLAND, TLF. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland.

Stoga held til ved Presteneset på Bygland, i naboskap til Bjoren Brygge, Bygland museum og Tesla ladestasjon Bygland. Dei byr på informasjon og turtipps til turistar, kulturarrangement, is, snacks og kaffe.

I tillegg til kafé og turistinformasjon, arrangerer Stoga guida turar; i tillegg til guida turar på førespurnad over heile kommunen. Guide: Olav Grendstad.

Ope kvar dag frå 6. juni. kl. 11.00-17.00 (minimumsopningstid) og ut august.



BYGLAND MUSEUM, Presteneset - open kl. 10.00 - 16.00

DS BJOREN - OPEN TUR, august 2025 -

<https://nettbutikk.aama.no/setesdalsmuseet/billetter-bjoren/>

sundag 03.08. kl. 12.00; avgang Byglandsfjord

sundag 10.08. kl. 12.00; avgang Bygland

sundag 17.08. kl. 12.00; avgang Byglandsfjord

sundag 24.08. kl. 12.00; avgang Byglandsfjord





OFFENTLEG UTLYSING



Offentleg utlysing/ Sal av Landeskogen

Landeskogen i Grendi står klart for ein ny æra – og me søker DEG som har ein spennande idé og vilje til å skape noko unikt!

Landeskogen skal seljast og me søker etter aktørar med ein spennande forretningside til å kjøpe eigedommen.

Omstillingsprogrammet Bygg Bygland saman med Bygland kommune kunngjer ein konkurranse for å finne den beste forretningsideen til ny verksemd i dei historiske bygningane på Landeskogen. Har du ein visjon for korleis bygget kan fyllast med liv, aktivitet og verdiskaping?

Kva ser me etter?

- Ein tydeleg og gjennomførbar idé.
- Kreativitet og berekraftig tenking.
- Berre seriøse førespurnader som vil bidra til utvikling, og oppnå lokal aksept med formålet sitt.

Den utvalde aktøren får høve til å realisere ideen sin og kjøpe eigedomen med oppfølging frå omstillingsprogrammet Bygg Bygland.

 **Frist for innsending av idé: 10 august 2025**

 Send ideen eller interessa di til: gyro.heia@bygland.kommune.no

Har du spørsmål eller vil vite meir?

Ta kontakt med Mulighetsutvikler Gyro Heia, mob: 91717521 – me vil gjerne høyre frå deg!

Sal av eigedommen kan skje når tinglysning og skøyte er på plass, og dessutan politisk vedtak i kommunestyret for aktuell aktør.



**Landbrukets Dag
på Evjemoen**

**Det beste innen landbruk, lokal mat og
håndverk – for hele familien.**

8-10 august 2025





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Bygland frivilligsentral og BUA Bygland

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagskafé: måndagar i oddetallsveker kl. 12 -14 (oppstart 11.08.)
 - Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16 – 17.30 (oppstart 26.08.)
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18 – 20 (oppstart 19.08.)
- Strikkekafé: til vanleg 1.+3. torsdag/månad kl. 18 – 20 (oppstart 21.08.)
- Kreativ verkstad: for 5.-7. kl. onsdagar kl. 15 - 17 (oppstart blir annonsert på Bygland frivilligsentral si Facebook side og i vekeskalendaren på FB.)

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening: kvar torsdag kl. 13 – 14.30 (oppstart blir annonsert på Facebook)
- Teppebowls: (Per Odd Berge sender ut informasjon om oppstart)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11 – 14 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (oppstart blir annonsert på Bygland frivilligsentral si Facebook side)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.30, Nesmoen 3, Bygland (oppstart etter skuleferie)

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- Måndagar: Juniorklubb (5 - 7 klasse) (tidspunkt endå uavklart)
- Onsdagar: Ungdomsklubb (8 klasse - 3. vgs) (kl. 18 - 21)
- Fredagsklubb i Årdalshallen på Byglandsfjord: 5 - 7 klasse (kl. 18 - 21) (1x/månad)

Følg med på Bygland ungdomsklubb si Facebook-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar






BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BUA - SOMMAR 2025

5 flotte ungdomar i sommarjobb i BUA Bygland, har gjennomført tre veker med ulike aktivitetar på Bygland og Byglansfjord. Veldig gøy å få arrangere for så fine barn! Vi har mellom anna vore på fleire kanoturar, sykkelturnar, frisbeegolf og hatt kreativt verkstad

Tusen takk til Gjensidigestiftelsen, Barne- ungdoms- og familiedirektoratet, og Agder Fylkeskommune for midlane som gjorde det mogleg å gjennomføre!



FRILUFTSLIVETS ÅR 2025 - AUGUST

FRILUFTSSKULE VED MIDT-AGDER FRILUFTSRÅD 11.-13. AUGUST

Friluftsskulen 2025 Midt-Agder friluftsråd inviterer alle 5.-7. klassingane til ny friluftsskule på Bygland, veke 33 (måndag 11. - onsdag 13. august);

Informasjon/påmelding: www.midt-agderfriluft.no/naturskole/friluftsskolen

Tid: 10-15 ; oppmøte: Prestneset

Aktivitet:

- Kart/orientering, Leir og rast
- Allemannsretten og naturferdsel, Tur/ekspedisjon
- Livredning og sikkerhet
- Mye god mat på bål/stormkjøkken
- Vannaktiviteter (kano og/eller SUP), frisbeegolf og lek



23.08. Bærtur på Bygland. Oppmøte øvst i Rindane kl. 11.00. Ta med bærplukkar, bøtte og niste. Me skal kose oss med ein kopp kaffi undervegs. Arrangør: Bygland Bygdekvinnelag





BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkje.no og på Facebook

Kontakt

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



GUDSTENESTER

- **sundag, 17.08., kl. 19.00, Gudsteneste i Sandnes kyrkja, Åraksbø**

ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tysdag, 14. og 26.08. kl. 14.00**

SOMMARKONSERT

- **tysdag 10.06. og tysdag 19.08, kl. 17.00 Konsert i Årdal kyrkje med Eirik Hodne-myr: Folketoner frå Setesdal, engelske hymner, danske og norske fellelessongar.**



På kyrkjeveg frå Åseral til Bygland – sundag 17. august

Bygland og Åseral sokn arrangerar vandretur frå Åseral til Bygland sundag 17. august.

Turen går etter Normannsvegen, ein gamal ferdselsveg mellom Åseral og Setesdal. Den blei og brukt av prest og dækne i den tida Morstøyl sokn var anneks under Åseral.

- Felles busstransport frå Bygland kyrkje til Lognavatn Grendehus kl. 07.45.

- Felles busstransport frå Lognavatn Grendehus til Espelid kl. 09:00.

- Felles busstransport frå Åraksbø via Bygland kyrkje og attende til Åknes kapell rundt kl.21.00.

I Espelid startar vandringa kl. 09.30. Det er ein krevjande tur i ulendt terreng. Turen er på eige ansvar og kan ikkje tilrådest dersom ein ikkje er turvant og i god form. Deltakarane må ha gode turklede og fjellsko. Ha med niste, kopp og eventuelt drikke. Det er omlag 12 km frå Espelid til Skomedalsheia, og ein reknar med å bruka rundt 8 timar på turen. Kultur og naturlosar: Kari Røynlid og Olav Grendstad.

Framme på Skomedalsheia vert det busstransport til Sandnes kyrkje Åraksbø

- Kl. 18:00: Mat og drikke i Åraksbø Grendehus
- Kl. 19:00: Fellesgudsteneste i Sandnes kyrkje Åraksbø

Talet på deltakarar er avgrensa, så meld deg på snarast mogeleg. NB! Alle som ønskjer felles busstransport må melda seg på innan fristen! Du må og seia ifrå om kor du møter fram, og kva strekning du ynskjer plass for.

Pris pr. deltakar kr. 250, -

Deltakaravgifta kan sendast på VIPPS til **545689 Bygland og Årdal sokn.**

Påmeldingsfrist: Sundag 10.august.

Påmelding på SMS til Olav Nilsen tlf. 982 99 711.

Alle er hjarteleg velkomne til Fellesgudstenesta i Sandnes kyrkje Åraksbø!

Arrangør: Bygland og Årdal sokn og Åseral sokn





>>> TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - AUGUST 2025

- Matavfall og restavfall: veke 34: torsdag 21.08.
- Papir og plast: veke 32: tysdag 05.08.
- Matavfall og glass/metall: veke 32: torsdag 07.08.



GJENVINNINGSTASJONER

- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (13.08.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (23.08.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (09.08.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 901 94 724

KINO PÅ BYGLAND - AUGUST



>>> BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

BYGDEKINOEN HAR SOMMARPAUSE I AUGUST OG STARTAR OPP IGJEN I SEPTEMBER.



>>> BYGLAND FILMKLUBB

BYGLAND FILMKLUBB TEK SOMMERFERIE, OG SYNER NYE FILMAR TIL HAUSTEN.

YMSE >>> FESTIVAL I BYGLAND - AUGUST 2025



RESIDENCY 2025 FREMVISNINGER

“Deildegast”

Eira Larsen Mariussen



“Thrown off”

Krøgh og Kaaby



“En, En Til, En Annen og Enda En”

TrippTrappTrupp

LAURDAG 02. AUGUST KL. 15.00 STOGA CAFÉ, PRESTENESET, BYGLAND



»»» KONSERT I BYGLAND - AUGUST 2025



**Konsert med Trond Granlund
klar med sitt nyeste album
«Livet er så mye»**

**Lørdag 9. august fra kl. 20:00 til 22:00
Bjoren Brygge, Bygland**

**Billett på vipps 805213 merk med
namn!!!**

Kr 300,- pr.pers



Sundag 3.august kl. 14

Samling på historisk grunn

Merk: OSE GRENDEHUS, Bygland

Ved Vilborg Stubseid Hovet,

Daniel Sandén-Warg, Sigrid K. Jore,

Vidar Lande, Eldbjørg Trydal Rysstad,

Jan Rysstad med fleire.



Sundag 3.august kl. 12

Avslutningskonsert i

Austad kyrkje, Tveit i Bygland

Anne Karin Kaasa, Kong Hanes etf.,

barn frå Bygland med fleire



KVA SKJER I BYGLAND AUGUST 2025

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Båtsliv ved Bjoren Brygge
Foto: Bygland kommune

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
fredag 01.- sundag 03.08.	Setesdal Spelemannslag; Rysstad, Tveit og Ose	heile dagen	Setesdal Folkemusikkfestival
laurdag 02.08.	Stoga kafé, Presteneset, Bygland	alle dagar	Stoga Scenecamp; forestilling 02.08.
sundag 03.08.	Setesdal Folkemusikkfestival; Austad kyrkje, Tveit og Ose grendehus	1) kl. 12 2) kl.14	1) Konsert i Austad kyrkje på Tveit; 2) Samling på historisk grunn; Ose (s. 11)
laurdag 09.08.	Bjoren Brygge, Bygland	kl. 20	Konsert med Trond Granlund
11.-13.08.	Midt-Agder friluftsråd	alle dagar	Friluftsskule på Bygland
tysdag 12.08.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
torsdag 14.08.	OPPVEKSTSENTRA I BYGLAND		SKULESTART 
sundag 17.08.	Bygland sokneråd; frå Åseral til Bygland	heile dagen	På kyrkjeveg frå Åseral til Bygland (s.9)
sundag 17.8.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 19	Gudsteneste
tysdag 19.08.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 17	Sommarkonsert
laurdag 23.08.	Bygland Bygdekvinnelag	kl. 11	Bærtur med oppstart i Rindane (s. 8)
tysdag 26.08.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt



OBS! Torsdag 14. august startar skulen opp att!
Ta vare på att barna i Bygland har ein trygg skuleveg.
Trafikksikkerhet er også ditt ansvar.

